



## **Møteprotokoll**

### **Oppvekst- og kulturutvalg**

<b>Møtested:</b>	Rådhuset, Formannskapssalen 3. etg.
<b>Møtedato:</b>	26.03.2012
<b>Tidspunkt:</b>	09:00 - 11:30

**Til behandling:**      **Saksliste nr. 010/12 - 012/12**

Medlemmer:

- H - Jonny Almenning (Leder)
- SP - Terje Kolseth (Medlem)
- AP - Frode Falkevik Kupen (Medlem)
- FRP - Kåre Eide (Medlem)
- V - Selma Strand Larsen (Medlem)
- H - Anett Berg (Medlem)

Varamedlemmer:

- KRF - Jorunn Marie Totland (Varamedlem)

Forfall:

- KRF - Marianne K. Pleyrn Refvik (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 6. Totalt frammøtte: 7

Fra administrasjonen møtte: kommunalsjef Tone Holvik

Måløy 26.03.2012

Tone Holvik  
kommunalsjef

Linda A. Myhre Larsen  
tjenesteleder Service

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
010/12	Godkjenning av møteprotokoll	
011/12	Planprogram Kommunedelplan Oppvekst 2012-2024 - endeleg vedtak	
012/12	Kriterier for tildeling av kulturmidlar	

### Orientering/Referatsaker:

#### SMS-varsling til foreldre med barn i skole

Hva med å bruke SMS-varsling til foreldre med barn i skolene istedenfor lapp/beskjeder i skolesekken. Kommunalsjef Holvik orienterte om at det blir en ny læringsplattform fra høsten av og Fronter utgår. Administrasjonen sjekker opp mulighetene ny læringsplattform kan gi.

#### Skatepark

Det fremkom spørsmål om Skatepark– er det opplest og vedtatt at den skal ligge i Måløy? Det bør kanskje sees på andre steder enn sentrum og at dette bør en se på før det går altfor lang tid.

#### Situasjonen for plass i barnehage fra høsten av.

Det mangler plasser i barnehagene for småbarn slik:

Skavøypoll barnehage: 9 plasser

Holvik barnehage: 3 plasser

Trollskogen barnehage: 4 plasser

Skramsmarka barnehage: 7 plasser

I tillegg er det 10 barn som er født etter 01.09.2011 som ikke får tilbud om plass.

Kapasiteten for barnehagelokalene er sprengt.

Hva med lavo-barnehage for de eldre barna for å få på plass til de små barna?

Sak om manglende barnehagedekning vil oppvekst- og kulturutvalget få til behandling i et senere møte.

#### Folkemusikkveka 2013

Dette er et arrangement som vil kreve en del ressurser. Dersom dette er aktuelt må det være noen som er veldig interessert. Oppvekst- og kulturutvalget tilrår at saken sendes over til aktuelle lag og organisasjoner og til Nordfjord Vekst for vurdering av om det kan bli et samarbeidsprosjekt for Selje, Eid og Vågsøy og at det evt. kan spilles over til en prosjektgruppe som tar eierskap til prosjektet.

#### Organisering av Ungdomsrådet

Er i dag 6 medlemmer – vanskelig å få til reising på kurs og lignende pga skolearbeid og annet.

Hva med å kutte i møtegodtgjørelse og ta inn flere medlemmer? I dag er det de som sitter i eleverådet som sitter i ungdomsrådet.

Hvordan skal inntak av medlemmer til utvalget være?

Oppvekst- og kulturutvalget ønsker å få vedtektene for ungdomsrådet til behandling i neste møte.



<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utvalg m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnummer</b>
Oppvekst- og kulturutvalg	26.03.2012	010/12

<b>Endelig vedtak i:</b> Oppvekst- og kulturutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 12/527	<b>Saksansvarlig:</b> Linda Alice Myhre Larsen
---	-------------------------------	---

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 26.03.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

OK-010/12

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 22.02.2012 er utsendt tidligere.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	26.03.2012	011/12
Planutvalg	28.03.2012	019/12

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyre	<b>Arkivsaknr.:</b> 12/35	<b>Saksansvarleg:</b> Tone Holvik
--	------------------------------	--------------------------------------

## Planprogram Kommunedelplan Oppvekst 2012-2024 - endeleg vedtak

### Rådmannen si innstilling

Planprogram for Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2012-2024, datert 05.01.12, med innspel frå høyringar, vert i medhald av PBL § 4.1 vedteke.

### 26.03.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte om arbeidet med Planprogrammet og at det etter offentlig utlegging har kommet inn 4 høringsuttalelser fra Sogn og Fjordane fylkeskommune, Vågsøy SV, FAU Holvik skule og foreldrerepresentantene ved Skavøypoll barnehage. Holvik gikk igjennom disse. De 4 innspillene som er kommet inn blir varslet om at høringsuttalelser er mottatt og blir tatt med vidare inn i arbeidet med kommuneplanen, men at kommuneplanen nødvendigvis ikke endres jfr. disse.

Det kom spørsmål om hvem som har ansvaret for elevene når de skal ut av ungdomsskolen og over til vidaregående skoler og den veiledningsdelen om utdanningsvalg som skal gjøres. Kommunalsjef Holvik orienterte om at det er kommunen som er ansvarlig for ungdomsskoleelevene og Sogn og Fjordane fylkeskommune for elevene på vidaregående skole.

Den jobben som blir gjort av veiledere i dag burde ha vært bedre. Hva med samarbeid mellom veiledere på ungdomsskolen og vidaregående skole?

Elevene på ungdomsskolen blir pr. i dag ikke godt nok informert om hva som egentlig finnes av linjer lokalt, dette må en bli bedre på. Elever og de valg de skal gjøre, burde styres mer mot hvilke behov det lokale næringslivet har for arbeidskraft. Andre vidaregående skoler i fylket bør kanskje og bli tatt med på dette.

Leder i Oppvekst- og kulturutvalget, Jonny Almenning foreslår at Samarbeidsplan skole og næringsliv og den delen som angår opplegg for veiledning om skolevalg, må gåes igjennom på nytt. Skolefaglig rådgiver vil ta tak i denne saken.

Ungdom i dag har dårlig oversikt over hva praktiske yrker går ut på. Det at ungdom må være 18 år for å få sommerjobb vanskeliggjør utprøving av praktiske yrker.

SP v/Terje Kolseth fremmet følgende tilleggsforslag til rådmannens innstilling:

”SP i Vågsøy fremmer forslag om å utvide offentlig ettersyn av Kommunedelplan for Oppvekst til 15.09.2012.”

Kommunalsjef Holvik kommenterte at dersom fristen for offentlig ettersyn skal utvides vil en ikke bli klar til budsjettbehandlingen. Behandlingen av planen er i utgangspunktet bred og det vil og bli arrangert folkemøter. I tillegg har en hentet inn et eksternt firma som er god på å se på kostnadsregning i prosjektet.

AP v/repr. Frode Kupa sa at en må se på denne saken i forhold til budsjettbehandlingen i år da vi ikke ønsker denne saken opp i budsjettsammenhengen til neste år og.

Det ble og stilt spørsmål om det skjer noe med svømmeopplæringen. Kommunalsjef Holvik kommenterte at det gjør det ikke utover det som ligger i budsjettbehandlingen.

Kommunalsjef Holvik orienterte ellers om arbeidet i planarbeidet så langt.

## **Votering**

Oppvekst- og kulturutvalget voterte først over tilleggsforslaget fra SP v/repr. Terje Kolseth  
Forslaget fikk 1 stemme og falt

Det ble så votert over rådmannens forslag til vedtak. Rådmannens forslag ble enstemmig vedtatt.

OK-011/12

## **Vedtak:**

Planprogram for Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2012-2024, datert 05.01.12, med innspel frå høyringar, vert i medhald av PBL § 4.1 vedteke.

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Barnehagelov med forskrifter

Rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen

Formålsparagraf for barnehagen 2010

Opplæringslova med forskrifter

Læreplanverket

Forskrift om Miljøretta Helsevern i barnehage og skule

St. meld. 18 (2010–2011)Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlege behov

St. meld. 22 (2010 – 2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet

St.meld. nr. 16 (2006-2007) ”.....og ingen stod igjen”

St. meld. nr. 31 (2007-2008) ”Kvalitet i skolen”

St. meld. nr. 41 (2008-2009) ”Kvalitet i barnehagen”

St. meld. nr. (2009-2010) ”Tid til læring” (Oppfølging av Tidsbruksutvalets rapport

NOU 2009:18 ”Rett til læring” (Betre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov)

NOU 2009:22 ”Det du gjør, gjør det helt” (Betre samordning av tenester for utsette barn)

NOU 2010:7 ”Mangfold og mestring” (Fleirspråklege, born, unge og voksne i opplæringsystemet.)

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse og omsorgstenestelova)

Kulturlova

Lov om barnevernsteneste

Lov om folkebibliotek

## Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Vågsøy har vedteke å starte opp arbeidet med kommunedelplan for skule. Gjennom handlingsprogrammet er dette endra til at ein skal utarbeide Kommunedelplan for skule og barnehage, kvalitet og struktur. For å kunne lage ein kommunedelplan som omhandlar kvalitet for skule og barnehage må støttefunksjonane inkluderast. Det er difor valt å gje planen eit meir dekkande namn, Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy.

Utval for plansaker vedtok i sak 10/12 i møte 18. januar 2012 å legge planprogram for kommunedelplan oppvekst 2012 - 2024 ut til offentleg ettersyn. Samstundes vart det varsla oppstart av arbeidet med kommunedelplanen.

Planprogrammet har no lagt ute til offentleg ettersyn i 6 veker med uttalefrist 5. mars 2012.

## Saksopplysningar / fakta

I samsvar med plan- og bygningslova er det utarbeidd planprogram som grunnlag for planarbeidet med kommunedelplan Oppvekst 2012 - 2024. Dokumentet skildrar utviklingstrekk og utfordringar og oppsummerar innanfor dei prioriterte innsatsområda kva som skal vidare utgreiast og drøftast i arbeidet med kommunedelplanen. Kommunedelplanen skal peike ut mål og strategiar, rammer og premisser for planarbeidet og skildrar aktuelle innsatsområde, utgreiingsbehov, framdriftsplan og korleis ein vil legge opp til medverknad i planprosessen for å få ei positiv utvikling

Innsatsområda er:

- Tidleg innsats
- Kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering
- Heilskapleg innsats
- Psykososialt miljø.
- Struktur i framtida

Det vert vist til vedlagt dokument planprogram for kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy 2012-2024, datert 5.01.2012.

Då uttalefristen gjekk ut var det kome inn 4 innspel:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Vågsøy SV
- FAU Holvik skule
- Foreldrerepresentantane ved Skavøypoll barnehage

Sidan det er kome inn få skriftlege innspel vert disse tekne med i sin heilskap her og ikkje lagt i eit eige hefte.

## **Innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune:**

### **GENERELT**

Kommunestyret har i k-sak K087/11, vedteke planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Under kapittel 1.3 Avgrensing av tema og innhald i programframlegget til delplanen står det at kommuneplanarbeidet må sjå nærare på prosessar og strukturar som legg føringar for verksemda, og igjen hindrar eller fremjar barn og unge si utvikling og læring. Planarbeidet må difor omfatte:

- Rammevilkår, lov, regelverk, retningslinjer og læreplanar
- Eksisterande oppvekststruktur
- Forventa utvikling i folketal og elevtal
- Innhald og kvalitet
- Læringsutbytte
- Førebygging, tidleg innsats og tilpassa og eventuelt alternativ opplæring
- Samhandling
- Kompetanse og rekruttering
- Framtidig oppvekststruktur

Fleire av punkta bør diskuterast i overordna kommuneplan. Kommunen bør i delplanen sjå på tilhøvet til overordna samfunnsplanlegging, jf at også samfunnsdelen og arealdelen skal reviderast i 2012. Det er viktig at delplanen er godt forankra i samfunnsdelen. Det bør i arbeidet med delplanen og overordna kommuneplan diskuterast korleis oppvekst og utdanning kan bidra til å nå dei overordna måla for samfunnsplanlegginga.

### **FOLKEHELSE**

Delplanen må og ha i seg folkehelseperspektiv som del av opplæringa. Folkehelselova er oppført som ei av føringane kommunedelplanen skal ivareta, og kap 4.2 greier ut om folkehelse og levekår. Vi ser og at mange folkehelseperspektiv ligg i det kapittelet i handlingsprogrammet for 2012 – 2015 som omhandlar oppvekstvilkår. Fylkeskommunen kom med innspel om helse og omsorg i vår fråsegn til planstrategi og planprogram for kommuneplan. Vi ber om at folkehelseperspektivet vert vektlagt i det vidare arbeidet med delplanen.

### **KULTUR**

Kultur og fritid er omtala i kapittel 5.4. Fylkeskommunen kom med innspel om kultur i vår fråsegn til planstrategi og planprogram for kommuneplan. Vi vil elles vise til «Den kulturelle skulesekken – strategiplan 2010-2014»:



## **OPPVEKST**

### **Generelle merknader**

Formålet med planprogrammet er å legge ein plan for planlegginga og vere til hjelp i arbeidet med kommunedelplanen.

Planprogrammet vil i større grad vere til hjelp med styringa av planarbeidet om ein identifiserer klare effekt- og resultatmål. I forhold til prosessen kring planarbeidet ville det ha vore ein styrke å identifisert interessentar som vert berørt av planarbeidet. I forhold til å lukkast med planarbeidet vil det vere nyttig å peike på kritiske suksessfaktorar i planprogrammet og inkludere ein prosessplan i planprogrammet.

### **Innspel i forhold til satsingsområda i planen**

#### *8.1 Tidleg innsats*

Fylkeskommunen ser det som positivt at ein vil auke fokuset på tidleg innsats. Dette er heilt i tråd med den sterke satsinga på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring (Ny-GIV satsinga). Det vil vere spesielt å ha fokus på overgangane i grunnopplæringa, ikkje minst overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring.

God yrkes- og karriererettleiing vil vera avgjerande for å få ned talet på feilval og dermed auke gjennomføringa. Samstundes er god yrkes- og karriererettleiing viktig for det lokale arbeids- og næringslivet. God lokalkunnskap, haldningar til entreprenørskap og ferdigheiter og nært samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv er viktig.

Karriererettleiing i eit livslangt perspektiv blir stadig viktigare med dei raske omsiftingane ein har i dagens arbeidsmarknad.

Å ha fokus på næringslivet sin samfunnskontrakt i høve å fullføre vidaregåande opplæringa ved å tilby nødvendige lære plassar vil vera viktig for lokalsamfunnet. Her må kommunen og offentleg sektor også ta sitt ansvar.

#### *8.2 Kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering*

Når det gjeld rekruttering bør ein vurdere om ein kan samarbeide med fylkeskommunen i rekrutteringsarbeid til m.a. pedagogiske stillingar. Med synkende elevtal i vidaregåande skule i fylket vil fagmiljøa truleg bli mindre og rekrutteringsutfordringane større, også for fylkeskommunen. God yrkes – og karriererettleiing kan vera ein viktig faktor i rekrutteringsarbeidet.

#### *8.3 Heilskapleg innsats*

Her vil fylkeskommunen spesielt peike på kommunen si rolle som vertskommune for ein vidaregåande skule. Mellom anna vil folkehelsearbeid og ei god skulehelseteneste vera viktig for elvar i vidaregåande skule. Likeeins eit best mogeleg fritidstilbod der m.a hybelbuarar kan møte fastbuande ungdom og lettare bli integrert i lokalsamfunnet.



## Innspel frå Vågsøy SV:

### 2.3 Framdrift

Det er lagt opp til at den offentlege høyringa skal leggast til skuleferien. Dette meiner vi er svært uheldig. Både FAU ved dei ulike skulane og dei tilsette vil vere viktige høyringsinstansar. Også for andre vil gjennomgang og handsaming av planen bli vanskeleggjort ved at arbeidet med høyringa vert lagt til ferietida. På bakgrunn av all uroa som har vore, særleg vedrørande skulestrukturen, dei siste åra, er det særst viktig at høyringsrunden vert gjennomført på ein god måte. Ein må for all del unngå at det vert skapt inntrykk av at eventuelle endringar vert forsøkt innført «bakvegen». Omsynet til interne prosessar i kommunen (t.d. budsjett) må vike for det overordna målet om å skape ro omkring den vidare utviklinga i skulen i Vågsøy

### 5.3.2. Skuleskyss

- Flest mogleg av borna bør kunne gå til skulen for å fremje folkehelsa. Kommunen må legge til rette for trygg skuleveg.
- Det må utarbeidast ei kalkyle på kva skuleskyssen vil koste i alle dei ulike framlegga til framtidig skulestruktur. Ein har ingen garanti for at dette i all framtid vert ei fylkeskommunal utgift.

### 5.3.3. Foreldremedverknad/foreldresamarbeid

- Foreldreundersøking bør gjennomførast kvart år. FAU på dei ulike skulane må engasjerast i arbeidet med å få flest mogleg til å svare.
- Resultata frå foreldreundersøkinga må nyttast til å peike ut område ein vil satse på, og desse må inn i verksemdplanane til skulane.

### 5.4 Kulturskule

- Det må arbeidast for at kulturskulen får eit tettare samarbeid med skulane om:
  - o felles lokale
  - o tilbod om kulturskule inn i SFO ordninga
  - o breiare tilbod (idrett, teater, friluftaktivitetar, korps mm)
  - o rekruttering av dyktige fagfolk

### 6.3.2. Spesialundervisning

- Vågsøy SV vil understreke kor viktig det er at hjelp vert sett inn tidleg slik at mest ressursar vert nytta på dei minste barna, jf pkt 8.1 Tidleg innsats. Det store behovet for spesialundervisning i ungdomsskulen ber bod om feilprioritering.
- Det må vurderast korleis PPT kan styrkast. Kanskje bør anna organisering vurderast?

### 6.5 Kompetanse og behov for rekruttering

- Det må utarbeidast ein samla plan for kompetansen i barnehagane og skulane og korleis vi skal jobbe for å rekruttere fagfolk.
- Det må vurderast om kompetanse kan frigjerast til pedagogisk arbeid ved å styrke merkantile ressursar innan skuleverket. Vi syner her til evalueringane frå ulike barnevernsarbeid som alle understrekar betydninga av tilstrekkelege merkantile ressursar som suksessfaktor.
- For å sikre kvalitet i skule og barnehage, må det rekruttast fagarbeidarar frå ulike fagfelt til assistentstillingane. Av same grunn må kommunen tilby lærlingplassar til elevar på barne- og ungdomsarbeidarlina på MVS.
- Det må vurderast om kommunen som skuleeigar i høgere grad kan nytte styringsretten sin for å nytte tilgjengeleg kompetanse best mogeleg.
- Erkjenning av at kvaliteten på leiing er avgjerande for utviklinga av skulen, må følgjast opp med konkrete framlegg om korleis slik kvalitet kan sikrast gjennom skolering av eigne tilsette og gjennom tilsettingsprosedyrar.

### 6.7.1 Netto driftsutgifter

Deler av dette kapitlet er vanskeleg å forstå. Døme: Kvifor kjem kommunen så ulikt ut på «netto driftsutgifter» og «korrigerede brutto driftsutgifter» på skule i høve til samanlikningsgrunnlaget? Det kan vere behov for nærare forklaring på ein del punkt her.

### 8.3 Heilskapleg innsats

I det vidare planarbeidet må ein vere konkret på kva utfordringar ein har i høve til å betre samarbeidet mellom ulike fagmiljø i eigen kommune, og i høve til 2. linetenesta

#### 8.4 Psykososialt miljø

Ha eit meir felles og heilskapleg arbeid for eit betre læringsmiljø i alle skulane og barnehagane.

#### 8.5 Struktur i framtida

Det er avgjerande viktig at hovudprosjektgruppa tek signal frå det politiske miljøet på alvor når det gjeld framtidig skulestruktur. Ein må sikre seg at dei spørsmål politikarane tykkjer er viktige i denne samanhengen vert belyste gjennom planarbeidet. Det vil vere svært uheldig dersom det politiske nivået ikkje får utgreia det dei tykkjer er viktig i denne samanhengen. Ein brukar store ressursar på å utarbeide denne kommunedelplanen, både økonomisk og i form av tidsbruk frå tilsette. Det vil vere svært uheldig om ein må ta nye rundar med deler av planen fordi politikarane ikkje finn sine behov for utgreiing ivaretekne.

Vi kan ikkje sjå at planprogrammet på noko punkt legg opp til ei nærare utgreiing av dei økonomiske og pedagogiske utfordringane vedrørande SFO og leksehjelp. Deler av SFOtilbodet i Vågsøy har ord på seg for å vere dyrt og dårleg. Dette er eit lovfesta tilbod, og eit viktig tilbod med dagens yrkesaktivitet blant småbarnsforeldre. Vidare utvikling av dette må vere ein sjølvstøtt del av denne planen.

#### **FAU Holvik skule:**

"Punkt 8.5 Struktur i fremtiden: Vi mener at det er viktig og et vesentlig moment at utgreiingen ikke bare må ta hensyn til barnetall/elevtall men også til om det er vekstsenter/nye byggefelt i tilknytting til de aktuelle skolene. "

#### **Foreldrerepresentantane Skavøypoll barnehage:**

"Vi ønsker at barna får tilstrekkelig med svømmeopplæring. Svømmeopplæring bør være hvert år. Svømmehallane bør være tilgjengelige hele året for lag og organisasjoner. Barn med spesielle behov både i skule og barnehage har god utbytte av svømmetrening.

Når det gjelder reduksjon i økonomiske midler, ser vi at det vil gå utover tilbudet i barnehage og skule."

## **Vurdering / konsekvensar**

Vågsøy kommune har ikkje kommunedelplan for oppvekstområdet. Dette er det stort behov for å få på plass. Det er viktig å få til ei plan bygd på brei involvering, der både kvalitet, struktur og tilgjengelege økonomiske rammer er vektlagt.

Dei innkomne innspel til planprogrammet vil bli tekne med i arbeidet med kommunedelplan oppvekst 2012 - 2024.

Det viktig i det vidare arbeidet å ha fokus på innsatsområda:

- Tidleg innsats
- Kvalitetsutvikling, kompetanse og rekruttering
- Heilskapleg innsats
- Psykososialt miljø.
- Struktur i framtida

Planprogrammet er eit godt utgangspunkt for prioritering av mål og strategiar i ny kommunedelplan.

Kommunen har ein svært utfordrande økonomisk situasjon i åra framover. Dette set krav til ei kommunedelplan som tek utfordringane i kommunen på alvor, har brei inkludering og er framtidsretta i sine tilrådingar.

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	18.01.2012	Kommunalt foreldreutvalg	Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2012 - 2024 Oppnevning av foreldrerepresentant hovedprosjektgruppe
3	U	18.01.2012	Ungdomsrådet i Vågsøy kommune	Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2012 - 2024 Oppnevning av representant fra Ungdomsrådet
4	U	18.01.2012	Trollskogen barnehage; Skarevik barnehage; Fjordly Barnehage	Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2012 - 2024 Oppnevning av representant fra private barnehager i hovedprosjektgruppe
5	U	20.01.2012	Fjordenes Tidende	Kunngjering offentlig ettersyn, annonse
6	U	20.01.2012	Adresseliste	Kunngjering av offentlig ettersyn av planprogram og varsel om oppstart av arbeidet med Kommunedelplan for Oppvekst 2012-24
10	I	23.01.2012	Sogn og Fjordane Fylkeskommune Plan- og samfunnsavdelinga	Innspel til planprogram og varsel om oppstart av arbeid med Kommunedelplan for oppvekst 2012 - 2024
7	I	26.01.2012	Foreldrerepresentantar i Skavøypoll barnehage	Innspel til planprogram for oppvekst
8	I	29.02.2012	Foreldreutvalget Holvik skule v/ Annelin Fure	"Innspill til Planprogramet for oppvekst"
9	I	05.03.2012	Vågsøy SV v/Herdis Holvik	Innspel til Planprogram for oppvekst



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst- og kulturutvalg	26.03.2012	012/12

<b>Endeleg vedtak i:</b> Oppvekst og kulturutvalet	<b>Arkivsaknr.:</b> 10/860	<b>Saksansvarleg:</b> Odd Gunnar Myhre
---	-------------------------------	---

## Kriterier for tildeling av kulturmidlar

### Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner nye kriterium for tildeling av kulturmidlar slik dei kjem fram i saksutgreiinga.

### 26.03.2012 Oppvekst- og kulturutvalg

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte om saken.

Det ble kommentert at det er 2 punkt i vedtektene som har fått nr. 5. Administrasjonen korrigerer dette.

#### Votering

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

OK-012/12

#### Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalget godkjenner nye kriterium for tildeling av kulturmidlar slik dei kjem fram i saksutgreiinga.

## Bakgrunn for saka

Vågsøy kommune delar kvart år ut kulturmidlar til lag og organisasjonar. Gjeldane kriterium vart vedtekne av Oppvekst- og kulturutvalet den 08.03.2011.

## Saksopplysningar / fakta

I møte i Oppvekst- og kulturutvalet 28.02.2012 var kriterium for tildeling av kulturmidlar oppe til drøfting:

Møteboka 28.02.2012

”Oppvekst- og kulturutvalget drøftet saken og kom med signal til administrasjonen om at kriteriene som nå skal utarbeides bør spissest mot barn og unge. Kulturmidler som tildeles bør være støtte til utviklings-, nyskappings- og samarbeidprosjekt”

På bakgrunn av signala som kom i utvalet har ein justert nokre av punkta og lagt til eit nytt punkt, punkt 13, som seier noko om kva tiltak ein ynskjer å prioritere.

Her er forslag til nye kriterium:

## **KRITERIUM FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR**

### **Målet med kulturmidlar**

Målet med ordninga er å fremje eit attraktivt og allsidig kulturliv i heile kommunen. Kulturmidlane skal vere med på å stimulere til eit variert og aktivt miljø.

Oppvekst og kulturutvalet delar ut midlar til lag og organisasjonar etter gjeldande retningslinjer og innanfor budsjetterte rammer.

### **Kven kan få midlar**

Ein legg til grunn eit utvida kulturomgrep.

Unnateke frå stønad er lag som primært tek vare på dei yrkesmessige og økonomiske interesser til medlemmane. Politiske parti inkl. ungdomsorganisasjonane og organisasjonar der ein viktig del av verksemda er å samle inn til andre føremål.

1. Vågsøy kommune kan gje tilskot til kulturtiltak i kommunen.
2. Vågsøy kommune kan i visse høve gje tilskot til kulturtiltak utanfor kommunen, dersom det kan komme kommunen og innbyggjarane til gode.
3. Kommunale kulturmidlar kan delast ut til frivillige lag og organisasjonar.
4. Søkjarane må sende søknadane elektronisk og innan fristen. Krav om at informasjon skal være utfylt i skjema for at søknaden skal bli godkjent.
5. Det er hovudlaget som skal stå som søker.
5. Søkjarane skal på oppfordring frå administrasjonen leggje fram medlemslister.
6. Grupper med barn og unge under 20 år vert prioritert.
7. Løyvingane kan relaterast til talet på aktive medlemmar.
8. Beløpet som vert delt ut til kvar søker skal vere minimum kroner 2.500,-.
9. Søkjarane som får stønad skal ikkje nytte midlane til investeringar i bygg og anlegg
10. Ved fordeling av kulturmidlane vil Vågsøy kommune leggje til grunn lokale kulturpolitiske prioriteringar.

11. Fordelinga av kulturmidlar skal stimulere arbeidet i frivillige lag og organisasjonar og oppmuntre desse til positive tiltak.
12. Dei som mottar kulturmidlar forpliktar seg til å følgje opp ordninga med ledsagerbevis når det er innført i Vågsøy. Dette betyr at ledsager til funksjonshemma ikkje skal betale inngangsbillett på arrangement i regi av mottakarar av kulturmidlar.
13. Samarbeidsprosjekt som er nyskapande og utviklande vil bli prioritert.

## **Vurdering / konsekvensar**

Rådmannen tilrår at ein endrar kriterium for tildeling av kulturmidlar slik dei kjem fram i saksutgreinga.

